

Forskrift om skule-/ og feriedagar 2024/2025 for grunnskulen i Fjord kommune

Heimel: Fastsett av kommunestyret i Fjord kommune 20.06.24 med heimel i lov 9. juni 2023 nr. 30 om grunnskuleopplæring og den vidaregåande opplæringa (Opplæringslova) § 14-2, 2. ledd.

§ 1 Formål og verkeområde

Forskrifta gjev informasjon om kva skule- og feriedagar elevane har skuleåret 2024-2025. Elevane har rett og plikt til å møte på skulen på dei fastsette skuledagane.

Forskrifta gjelder for elevar ved alle grunnskular i Fjord kommune skuleåret 2024-2025.

§ 2 Skule- og feriedagar skuleåret 2024-2025:

Tabell for skuleruta

MÅNAD	MERKNAD	SKULEDAGAR
2024		
August	Første skuledag er måndag 19. august	10
September		21
Oktober	Hautferie veke 41. Måndag 7. - fredag 11. oktober	18
November		21
Desember	Siste skuledag før jul er fredag 20. desember	15
2025		
Januar	Første skuledag etter jul er måndag 6. januar	20
Februar	Vinterferie veke 8. Måndag 17. – fredag 21. februar	15
Mars		21
April	Påskeferie. Måndag 14.april til og med måndag 21. april. Første skuledag etter påske tysdag 22.april	16
Mai	FRI torsdag 1. mai FRI Kristi himmelfartsdag torsdag 29. mai Elevfri dag fredag 30. mai	19
Juni	FRI 2. pinsedag måndag 9. juni Siste ordinære skuledag er fredag 20. juni	14
TOTALT		190

§ 3 Lokale variasjoner

Skulane kan gjere unntak frå § 2 om skule- og feriedagar i særlege tilfelle, for eksempel grunna skuleturar.

§ 4 Iverksetting og opphøyr

Denne forskrifta trer i kraft 1.august 2024 og sluttar 20. juni 2024.